

Kulturkveld i Valen kyrkje.

14.02.2017

Tysdag 21. februar arrangerer Husnes og Holmedal sokneråd temakveld i Valen Kyrkje.

Tema for kvelden er henta frå ei salmestrofe:

«Sitt levebrød har dei på brusande hav, med berre ei fjøl mellom seg og si grav»

Havet har vore det gode levebrød og havet har vore det trugande og farefulle. Korleis har det prega levemåte og gudstru ? Korleis har det kome til utrykk i songar og i kulturen elles.

Marit Elisebeth Totland kåserer.

Ho har skrive fleire bøker om livet og livsvilkåra for dei som hadde sitt farefulle yrke på havet i tidlegare tider , og ikkje minst om dei som ofte venta i uvisse heime.

Det blir song og musikk, Sunde kyst og kultursenter stiler med høveleg rekvisita. Kantor Eva Megyesi og sokneprest Reidar Ådnanes vert med. Enkel servering etter programmet.

tid